



# Alkoholpolitiske retningslinjer Fjaler kommune 2024–2028

## Innhald

Innleiing .....	2
Lovheimel .....	2
Definisjoner .....	2
Ansvar og delegering .....	3
Kommunestyret er løyvemynde ved behandling av alminnelege sals- og skjenkeløyve .....	3
Mynde delegert til kommunedirektøren, jf. delegeringsreglementet: .....	3
Løyveperioden .....	3
Løyver .....	4
Sals- og skjenkeløyve .....	4
Vilkår for salsløyve .....	4
Salsløyve for enkelthøve .....	4
Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk .....	4
Vilkår for alminneleg skjenkeløyve .....	5
Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk .....	5
Skjenkeløyve for enkelthøve .....	6
Skjenkeløyve for lukka selskap (ambulerande skjenkebevilling) .....	6
Utviding av eksisterande skjenkebevilling for enkeltarrangement .....	7
Inndraging av bevilling .....	7
Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve .....	7
Brot på regelverket, inndraging og prikktildeling .....	8
Sakshandsaming i kommunen ved tildeling av prikkar .....	8
Særlege omstende: .....	8
Kunnskapsprøve i alkohollova for sals- og skjenkeløyve .....	9
Gebyr for sal og skjenking .....	9
Gebyr ved ambulerande skjenkeløyve og enkelthøve .....	9
Nyttige lenkjer .....	9

## Innleiing

Alkohollova har klare retningslinjer for kven som kan selje alkohol, kva som kan seljast til kva tider ein kan selje og rutine for sakshandsaming ved søknader om sals- eller skjenkeløyve. Alkohollova er open for at kommunen kan utarbeide lokale retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve for å regulere løyvepolitikken sin innanfor lovas rammer.

I samsvar med alkohollova §1-6, vert eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Fjaler vidareført i 4 nye år utan krav om ny søknad, og vert gjeldande i lengste tid til 30. september 2028.

Administrasjonen innhentar opplysningar om kvar einskild skjenke- og salsplass, slik at ein får oppdatere register og gjere nødvendige kontrollar av desse løyva.

Nye løyve som vert søkt om i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i 4 år og med opphøyr seinast 30. september 2028. Etter neste kommuneval må kommunestyret igjen ta stilling til ei eventuell forlenging av løyva i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad.

Retningslinjene skal:

- vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen i perioden, og eit viktig verkemiddel for i størst mogleg utstrekking å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere
- sikre at næringa får føreseielege rammevilkår og tydeleg og rettferdig sakshandsaming
- vere balansert mellom alkohollova sitt formål om å avgrense alkoholbruken, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.
- sikre forsvarlege vurderingar av lokalisering, sals- og skjenkestadar, løyveperiode, vandel og alkoholfrie møtestadar
- Systematisk sikre at sals- og skjenkestadar overheld gjeldande regelverk
- vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stader der det er naturleg å selge og servere alkohol
- særleg bidra til å skjerme barn og unge mot alkoholmisbruk

## Lovheimel

- Alkohollova: [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholloven\), LOV-1989-06-02- 27 med endringar.](#)
- Alkoholføreskrifta: [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\), FOR2005-06-08-538 med endringar.](#)
- Serveringslova: [Lov om serveringsvirksomhet \(serveringsloven\), LOV-1997-06-13-55 med endringar.](#)

## Definisjoner

Alkoholfri drikk	Under 0,7 % volumprosent alkohol
Alkoholsvak drikk	0,7 %–2,5 % volumprosent alkohol
Alkoholholdig drikk gruppe 1	Over 2,5 % - høgst 4,7 % volumprosent alkohol

Alkoholholdig drikk gruppe 2	Over 4,7 % - mindre enn 22 % volumprosent alkohol
Alkoholholdig drikk gruppe 3	Frå og med 22 % og til og med 60 % volumprosent alkohol

## Ansvar og delegering

Retningslinjene vert godkjent i Fjaler kommunestyre.

Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og kommunedirektøren.

## Kommunestyret er løyvemynde ved behandling av alminnelege sals- og skjenkeløyve

Med det følgjer:

- Vedta kommunal ruspolitisk handlingsplan og alkoholpolitiske retningslinjer
- Godkjenning av sals- og skjenkeløyve.
- Inndraging av løyve.

## Mynde delegert til kommunedirektøren, jf. delegeringsreglementet:

- Søknadar om serveringsløyve
- Søknadar om løyve for enkelthøve
- Søknader om skjenking i slutta lag (ambulerande skjenkeløyve)
- Utviding av eksisterande løyve for enkelthøve, også utviding av skjenkeareal.
- Godkjenne endring av styrar og reservestyrrar for innvilga løyve
- Avgjer søknad om fritak frå krav om avløyssar
- Fastsette frist for innlevering av omsetningsoppgåver
- Berekne løyvegebyr
- Følgje opp kontroll med sals- og skjenkeløyve
- Prikktildeling
- Fullmakt til å inngå avtale med kontrollør eller kontrollverksemd

## Løyveperioden

I samsvar med alkohollova §1-6, vert eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Fjaler vidareført i 4 nye år utan krav om ny søknad, og vert gjeldande i lengste tid til 30. september 2028.

Administrasjonen innhentar opplysningar om kvar einskild skjenke- og salsplass, slik at ein får oppdatere bevillingsregisteret i Altinn og gjere nødvendige kontrollar av desse løyva. Nye løyve som vert søkt om i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i 4 år og med opphøyr seinast 30. september 2028. Etter neste kommuneval må kommunestyret igjen ta stilling til ei eventuell forlenging av løyva i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad.

## Løyver

Sal og skjenking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

Sals- og skjenkeløyve i Fjaler kommune skal vere innanfor alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, rusmiddelpolitisk handlingsplan, retningslinjer og kommunen sitt delegeringsreglement.

Ved vurdering av om løyve skal verte gitt kan det mellom anna leggast vekt på:

- driftskonsept, standard og målgruppe
- plassering, trafikk- og ordensmessige forhold og omsynet til lokalmiljøet
- talet på sals- og skjenkestadar
- universell utforming
- næringspolitiske forhold

Dersom løyvesøklar og personar som nemnt i alkohollova § 1-7b første ledd er eigna til å ha løyve ved endring av driftskonsept i løyveperioden skal det søkast om nytt løyve.

## Sals- og skjenkeløyve

### Vilkår for salsløyve

- Den som ynskjer å selje alkoholhaldig drikk frå butikk må søkje om salsbevilling. Salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7% vol kan tildelast daglegvareforretningar og andre spesialutsal. Det kan ikkje gjevast løyve til sal av øl og rusbrus til bensinstasjonar og kioskar jf. forskrift til alkohollova §3-4
- Vesentleg karakterendring av salsstaden i løyveperioden føreset ny løyvesøknad.

Ved verksemdsoverdraging kan ny eiger drive på eksisterande bevilling i inntil tre månader. Men då må melding om verksemdsoverdraging og søknad om ny bevilling vere levert kommunen innan 30 dagar.

### Salsløyve for enkelthøve

- Sal av alkohol tilverka i eiga verksemd vert regulert av alkohollova §§ 3-1b og 1-7f.
- Om bryggeri og liknande ønskjer å ta med seg det dei har produsert i eigne lokale ut på ein marknad/festivalområde må dei ha statleg tilverkingsløyve.
- I tillegg må det søkjast om eit utvida kommunalt salsløyve for eit enkelt bestemt høve på eit spesifikt område.
- Det er forbode å skjenke i same lokalet som ein sel produkta

### Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå klokka 08.00 til klokka 20.00 på kvardagar
- På dagar før søndagar og helgedagar skal sal og utlevering opphøyre klokka 18.00, unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. 1. og 17. mai er her ikkje å rekne som helgedagar.
- Etter lov om heilagdaggar skal butikkar stenge klokka 16.00 på jul-, påske- og pinseaftan.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk skal ikkje skje på søndagar og heilagdaggar, 1. og 17. mai.

### Hovudregel i tabellform:

Dag	Frå klokka	Til Klokka
Kvardagar (måndag til fredag)	08.00	20.00
Laurdagar	08.00	18.00
Søndagar	-	-

### Heilag- og høgtidsdagar:

Dag	Frå Klokka	Til Klokka
Onsdag før skjærtorsdag	08.00	18.00 - dag før heilagdag
Påskeaftan*	08.00	18.00 - dag før heilagdag
Dagen før 1. mai	08.00	20.00 – dag før høgtidsdag
Dagen før 17. mai	08.00	20.00 – dag før høgtidsdag
Dagen før Kristi himmelfartsdag**	08.00	18.00 - dag før heilagdag
Pinseaftan*	08.00	18.00 - dag før heilagdag
Julaftan*	08.00	18.00 - dag før heilagdag
Nyttårsaftan	08.00	18.00 - dag før heilagdag

\* Etter lov om heilagdagar og helgedagsfred er det ikkje tillate å halde opent lenger enn til kl. 16.00, difor må og ølsalet avsluttast då.

\*\* Dagen før Kristi himmelfartsdag kan øl seljast heilt fram til kl. 20.00, sjølv om det er dag før heilagdag, på grunn av unntak i alkoholova

### Vilkår for alminneleg skjenkeløyve

- Alminneleg skjenkeløyve vert gitt som eit fast skjenkeløyve til ein bestemt stad.
- Den som ynskjer å drive skjenking av alkohol må først søkje om alminneleg bevilling for skjenking av alkoholhaldig drikk. Ein må ha serveringsløyve for å søke om skjenkeløyve.
- Det må søkjast om ny bevilling ved vesentleg endring i eigarsamansetninga eller endring av konsept for verksemda
- Ved verksemdsoverdraging kan ny eiger drive på eksisterande bevilling i inntil tre månader. Men da må melding om verksemdsoverdraging og søknad om ny bevilling vere levert kommunen innan 30 dagar etter at overdraginga har skjedd
- Løyvet kan gjelde for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin).
- Løyve for gruppe to inkluderer alltid gruppe 1, og løyve for gruppe 3 inkluderer alltid gruppe 1 og 2
- Ein må ha serveringsløyve for å kunne få skjenkeløyve
- Dagleg leiar må ha bestått etablerer prøven for å kunne søke om serveringsløyve
- Styrar og avløyser må ha bestått kunnskapsprøven i alkoholova for å kunne søke om skjenkeløyve.
- Det er krav om uklanderleg vandel
- Styrar og avløyser må dokumentere at dei er tilsette på staden, eller arbeide der i kraft av eigarstilling
- Styrar og avløyser må vere over 20 år ved skjenking av alkohol

### Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk

Serverings- og skjenkestadene i Fjaler kommune skal halde stengt mellom klokka 02.30 og klokka 06.00.

### Skjenketider:

Alkoholklasse	Skjenketid inne	Skjenketid ute
Alkohol klasse 1	Klokka 12.00-02.00	Klokka 12.00-24.00
Alkohol klasse 2	Klokka 12.00-02.00	Klokka 12.00-24.00
Alkohol klasse 3	Klokka 14.00-01.00	Klokka 14.00-24.00

### Konsumering:

- All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta ½ time etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper. Dette gjeld både uteservering og inneservering.
- Skjenketidene er like for alle dagar

### Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlenga del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for der ein har søkt om uteservering, må det føreligge godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal

### Skjenkeløyve for enkelthøve

- Det kan etter søknad gjevast skjenkeløyve for enkelthøve. Dette er opne arrangement som for eksempel festivalar, konsertar, teater, revy med meir.
- Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement (eller) arrangement i tida der born og unge er ei viktig målgruppe
- Det må vere ein styrar og ein reservestyrrar for løyvet, og desse må ha uklanderleg vandel
- Når ein søker om bevilling reknar kommunen med at det er gjort avtale med utleigar av lokale og/eller uteareal
- Bevilling for einskildhøve kan ikkje tildelast til lokalar som har fast skjenkebevilling då det ikkje kan vere to bevillingar på same lokale
- Opne enkelt arrangement ute vert ikkje tildelt løyve i gruppe 3 (brennevin)
- Ansvarleg skjenkestyrar må vere over 20 år

### Skjenkeløyve for lukka selskap (ambulerande skjenkebevilling)

I Fjaler kommune har kommunestyret oppretta 2 ambulerande bevillingar for bruk på stad som godkjennast for skjenking til deltakarar i lukka selskap for eit einskild høve. Løyva er ikkje knytt til bestemte personar eller skjenkestadar. Tilstellingar som varar i inntil seks dagar kan bli definerte som "eit bestemt høve". Til slik tilstelling kan det bli gitt skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3

Ein treng normalt ikkje søke om skjenkeløyve dersom ein har eit privat arrangement der ein serverer alkohol utan å ta betaling, eller gjestane tar med alkohol sjølv. Det kan vere bryllaup, fødselsdag-selskap eller andre jubileum, der gjestane har ein tilknytning til den eller dei som inviterer til selskap.

For at ein kan ha alkoholserving utan bevilling, må dei alkoholhaldige varene alltid skaffast av privatpersonane sjølv, på same måte som om festen var heime. Det kan vere til dømes skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til deltakarar i slutta selskap i samband med arrangement som for eksempel jubileum og bryllaup.

Selskapet kan ikkje vere ope for utanforståande, det vil sei at arrangementet ikkje er gjort kjend offentleg, gjestane kan ikkje vere invitert gjennom annonse, plakatar, eller via sosiale media eller gjennom påmelding.

Dersom utleigar av lokalet står for innkjøp eller servering av mat eller drikke, vil det krevje bevilling, sjølv om dette gjerast utan vederlag

Det er likevel ikkje noko til hinder for at ein bestiller mat frå eksterne firma, så framt dette ikkje involverer innkjøp eller servering av alkohol. Vilkåret om at utleigar ikkje må vere involvert i arrangementet er absolutt. Det er ikkje noko problem om det i lokala finst musikkanlegg, kjøkken, serveringsutstyr og liknande som vert stilt til disposisjon for den som leiger lokala.

Arrangement som ikkje oppfyller lovas krav til lukka selskap er medlemsmøte i foreiningar, samankomstar for organisasjonar og klubbar, studentfestar og russearrangement, kundekveldar, mat- og vinkurs, kunstutstillingar, arrangement der det ikkje er naturleg tilknytning til den som inviterer.

#### Unntak for lukka selskap i allment tilgjengelege lokale:

For enkelte type lokale, som allment tilgjengelege lokale krevst det bevilling for servering og drikking av alkohol, sjølv om det er eit lukka selskap og det skjer utan vederlag. Dette gjeld sjølv om lokalet ikkje er ope for offentlegheita når servering/drikking faktisk skjer. På slike stader er det forbode å drikke alkohol utan bevilling. Dette gjeld allment tilgjengelege lokale som rådhus, samfunnshus og bygde/ungdomshus, teater, kino, forretningslokale, lokale med serveringsbevilling med meir. Dette jf. Alkoholova § 8-9.

#### Utviding av eksisterande skjenkebevilling for enkeltarrangement

Innehavar av ordinær skjenkebevilling kan og søkje om utviding av bevilling for eit einskild høve dersom arrangement skal finne stad i direkte tilknytning til skjenkestaden (til dømes telt utanfor).

#### Inndraging av bevilling

Det er eit nasjonalt prikktildelingssystem for sanksjonar ved brot på alkoholova. [Sjå presentasjon av prikkssystemet finn ein i alkoholforskrifta.](#)

Prikktildeling og inndraging gjeld der kontroll er gjennomført i samsvar med alkoholforskrifta, eller rapport frå andre myndigheiter avdekkjer at innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve ikkje har:

- oppfylt sine plikter etter alkoholova
- oppfylt sine plikter etter i samsvar med alkoholova
- oppfylt sine plikter etter lov eller i medhald i lov som har samanheng med alkoholova sitt formål
- oppfylt sine plikter som følgjer av vilkår i løyvevedtaket

#### Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve

Lovpålagt kontroll med sal og skjenking skal gjennomførast så ofte som behovet tilseier, men kvar stad skal kontrollerast minst ein gong årleg. Det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som kommunen har sals- og skjenkestadar (Alkoholforskrifta § 9-7).

Kontrollane skal gjennomførast på tidspunkt der det er mest truleg at ein vil kunne avdekke eventuelle tilhøve som skal påtalast.

Kommunen kan sjølv gjennomføre dokumenttilsyn t.d. med sosiale medium (reklame), sjekke om det er manglar i internkontrollhandboka, om omsetjingsoppgåva er levert, eller om omsetjingsgebyr er betalt.

Fjaler kommune nyttar eksterne kontrollselskap til kontroll av sals- og skjenkeløyve i Fjaler.

### Brot på regelverket, inndraging og prikktildeling

Dersom ein løyvehavar ikkje overheld dei vilkåra som er gitt i løyve eller bryt alkohollova og alkoholforskrifta, skal kommunen inndra løyve for ein kortare eller lengre periode.

Kommunen er forplikta til å tildele prikkar ved regelbrot. Det er alkohollova /alkoholforskrifta sine reglar om prikktildeling og inndraging av løyve som skal leggjast til grunn ved brot på 10 alkohollova.

Nærare om føresegna om prikktildeling og inndraging av løyve er å finne i alkoholforskrifta § 10-2 til § 10-6.

Tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova kap. V. Tildelte tal prikkar kan takast med i vurderinga om ein løyvehavar må søka om fornying ved utløp av løyveperioden.

Kommunen kan i løyveperioden inndra sals- og skjenkeløyve for eit kortare tidsrom, eller for resten av løyveperioden. Sals- og skjenkeløyve kan verte inndratt for resten av perioden, eller for ei kortare tid, dersom vilkåra om vandel ikkje er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova. Ved brot på alkohollova skal kommunen tildele prikkar jf. alkoholforskrifta kapittel 10.

### Sakshandsaming i kommunen ved tildeling av prikkar

1. Kommunen mottek melding om brot frå kontrollørar eller andre myndigheiter.
2. Rapportane frå kontrollør blir lagt fram som referatsak for formannskapet med vedlagt informasjon om oppfølging av dei avvika som eventuelt kjem fram i rapporten
3. Kommunen sender førehandsvarsel om prikktildeling.
4. Løyvehavar har høve til å kome med forklaring, tilleggsopplysningar, eller imøtegå påstand om brot. Svarfristen er to veker frå motteke førehandsvarsel.
5. Kommunedirektøren gjer vedtak om tildeling av prikkar.
6. Ein eventuell klage vert behandla i Formannskapet.
7. Statsforvaltaren er endeleg klageorgan dersom vedtaket vert oppretthalde.
8. Dersom ein løyvehavar får tildelt til saman tolv prikkar i ein periode på to år, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke.
9. Dersom det i to årsperioden vert tildelt meir enn tolv prikkar, skal kommunestyret auke inndragingsperioden tilsvarende.

### Særlege omstende:

- Dersom det ligg føre heilt spesielle og særskilde formildande omstende, kan kommunen tildele færre prikkar for eit lovbrotenn kva som fylgjer av alkoholforskrifta §10.
- Dersom det ligg føre særleg skjerpande omstende, kan kommunen tildele fleire prikkar for ein lovbrotenn kva som fylgjer av forskrifta, og kan ved særskilde skjerpande omstende også auke lengda på inndraginga utover det som nemnt i forskrifta. I dei alvorlegaste tilfelle kan løyvet inndragast for resten av løyveperioden.
- Dersom ovannemnde omstende vert lagt vekt på, skal dette grunngjevast særskilt i vedtaket.

## Kunnskapsprøve i alkohollova for sals- og skjenkeløyve

Kommunen legg til rette for at ein kan gjennomføre kunnskapsprøvar for styrarar og avløyssar i verksemdar som har eller søker om kommunalt sals- og skjenkeløyve etter alkohollova §§ 3-1 og 4- 1.

Fjaler kommune legg til rette for kunnskapsprøve for skjenking og skjenking. tillegg er det mogleg å ta etablerarprøven.

Gebyr per prøve er kroner 400.

## Gebyr for sal og skjenking

Alle som har eit fast sals- eller skjenkeløyve skal kvart år betale gebyr for løyve til kommunen.

Gebynet vert rekna ut frå tal omsette liter av øl, vin og brennevin, men ved lav omsetning må det likevel betalast eit minimumsgebyr. Gebyra for sal og skjenking er fastsett i alkoholforskrifta, og vert endra med verknad frå 1. januar kvart år.

## Gebyr ved ambulerande skjenkeløyve og enkelthøve

Dei som får innvilga ambulerande skjenkeløyve eller løyve for enkeltanledning skal også betale bevillingsgebyr. Dette gebyret vert fakturert som eit fast eingongsgebyr når løyvet vert innvilga.

Satsar:

- Gebyr for ambulerande skjenkeløyve (slutta selskap) er kroner 440 per arrangement.
- Gebyr for skjenkeløyve for enkelthøve er kroner 440 per arrangement
- Gebyr for skjenkeløyve ved enkelthøve med over 200 publikum er kroner 650 per arrangement.

## Nyttige lenkjer

- Helsedirektoratet sitt kurs og e-læring om ansvarleg alkoholhandtering E-læringskurs: «Ansvarleg vertskap». [Les om og ta kurset på helsedirektoratet sine nettsider.](#)
- [Helsedirektoratet sin guide til god internkontroll](#)
- [Alkohollova](#)
- [Helsedirektoratet sine kommentarar til Alkohollova](#)
- [Alkoholføreskrifta](#)
- [Helsedirektoratet sine kommentarar til Alkoholføreskrifta](#)
- [Serveringslova](#)

